

DEN NORSKE KYRKJA

Møre biskop

BARNE-OG LIKESTILLINGSDEP	
Arkivkode:	323.00
Dato:	170809
Saksnr:	200901465-088

Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Dato: 14.08.2009

Vår ref: 09/187-3 OBJ/ML

Dykker ref: 2009/01465-/BGUS

NOU 2009:5

Farskapsutvalgets forslag til endringar i barnelova


Vi viser til departementets brev av 30.03.09 om forslag til endringar til barnelova.

Utan barna har vi inga framtid, og det er dei vaksne sitt ansvar å legge til rette for barna sin tryggleik og styrke deira plass og rettar i familien og samfunnet. Farskapsutvalet sitt forslag til endringar av foreldreskap presiserar at barnets beste må vere det overordna omsynet. Det er grunnleggande og viktig, og det er lite usemje om det. Men elles er det mykke i dette forslaget som ikkje tyder på at det er barnet som er i fokus, men vaksne sine lengsler og ønskje.

Etter bibelsk lære og kyrkjeleg tradisjon er barn ei Guds gåve. Det er ingen menneskerett å få barn. Barn er ikkje noko vi eig eller disponerer, men ei gåve og eit ansvar. Det er ikkje muleg å få barn utan at der er ei mor og ein far. Lover og reglar til barnets beste kan ikkje omgå denne botnplanken i skapinga og i samfunnet.

Møre biskop vil ved sida av desse overordna perspektiva kommentere nokre enkeltpunkt i forslaget.

- Familien og samfunnet.** Det normale familiemønsteret med mor og far er den rette og tryggaste ramma for barnet sin oppvekst og sosialisering, og for barnet sine grunnleggande rettar (jf Barnekonvensjonen art 7,§1). Denne utgreiinga er altfor svak i å trygge familierelasjonar og sikre den tradisjonelle familiens grunnleggande plass i samfunnet. Vi treng ei tydelegare og meir frimodig satsing på familiane, både ekteskap og sambuarforhold, for å styrke samhaldet og omsorga for barna. Familievernkontor har viktige oppgåver i kyrkje og samfunn, og dei må styrkast.
- Mor og far.** Biologisk er det ikkje muleg å få barn utan ei mor og ein far. Og det er ikkje til barnets beste å halde tilbake barnets biologiske foreldre. Her trengst det ei juridisk sikring for barnet ved egg- eller sæddonasjon, på linje med adopsjonslova (§12). Ei ordning med anonyme donorar er urovekkande. Ny teknologi og tilgjengelege medisinske ressursar for å få barn representerer ei alvorleg perspektivendring i moderne medisin. Vi må vakte oss mot alle former for utgliding av ein praksis omkring livet og skaparverket som kan gi assosiasjonar i retning av "menneskehandel".



3. **Morskap og medmor.** Forslaget vil gi likekjønna normale rettar til å få barn saman. Særleg lesbiske par. Det blir skrive om morskap, mor og medmor. Vi anerkjenner at lesbiske kvinner kan ha like sterke morskjensler som andre kvinner og at lengslene til å få barn mellom homofile er like ekte som heterofile. Men dette er eit samfunnsmessig eksperiment der dei vaksne sine behov går framom barna sine rettar. Kvar er dei moralske premissane for å få ”mor- eller farlause barn”? Dette er ei ny og framand problemstilling utan grundigare undersøking og forskingsmessig dokumentasjon.
4. **Juridiske og biologiske foreldre.** Det er viktig å sikre barna sine rettar både til juridiske og biologiske foreldre.

Med helsing

Øystein Bjørndal
fung. biskop